

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.04.2017
SAKSHANDSAMAR: Ingvill Skogseth
SAKA GJELD: **Smittevernplan Helse Vest RHF 2017 -2021**

ARKIVSAK: 2017/366
STYRESAK: **053/17**

STYREMØTE: **11.05. 2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Revidert smittevernplan 2017-2021– Strategi for å førebyggje og handtere sjukehusinfeksjonar blir lagt til grunn for arbeidet med smittevern i helseføretaka.

Oppsummering

Smittevernplan for Helse Vest RHF 2017-2021 – Strategi for å førebyggje og handtere sjukehusinfeksjonar er ei vidareføring av tidlegare smittevernplanar.

Hovudmålsetjinga med tiltaka i planen er å redusere førekomsten og konsekvensane av sjukehusinfeksjonar. Den aukande førekomsten av antibiotikaresistens i normal bakterieflora, gir grunn til uro. Kunnskap om grunnleggjande smittevernprinsipp og rasjonell bruk av antibiotika, er heilt essensielt for å hindre smitteoverføring og resistensutvikling.

Denne reviderte utgåva av planen gjer greie for dagens viktigaste risikoområde innan infeksjonsførebygging. Planen inneheld ei rekke forslag til risikoreduserande tiltak.

Planen skal vere føretaka sitt faglege grunnlag for helsetenesteplanlegging når det gjeld smittevern – og pasienttryggleiksarbeid. Planen omhandlar også planlegging av sjukehusbygg.

Fakta

Regionale helseføretak er i smittevernlova pålagde å utarbeide ein smittevernplan. Helse Vest fekk som det første regionale helseføretaket smittevernplan i 2003. Den er revidert fleire gangar med tre års mellomrom. Planen har bidrege til å styrkje det regionale samarbeidet på området smittevern i sjukehus.

Sjukehusinfeksjonar er uønska hendingar, og det er ei aukande erkjenning av at pasienttryggleik også omfattar smittevern. Målet er at pasientane skal vere trygge og ikkje bli utsette for unødvendig infeksjonsrisiko. Planen samanstillir verkemiddel og nødvendige tiltak for å redusere risikoen for sjukehusinfeksjonar i tråd med gjeldane lover og forskrifter.

Kommentarar

Revisjonen av Smittevernplanen er utført av Regionalt kompetansesenter for smittevern i samarbeid med smittevernpersonell frå alle føretak i regionen, og er ei vidareføring av tidlegare planer.

Planen er forankra i Smittevernlova med tilhøyrande forskrifter og skal vere ein overordna strategiplan for smittevernarbeidet i regionen.

Denne reviderte utgåva av planen legg hovudvekt på skildring av dagens viktigaste risikoområde innan infeksjonsførebygging. Det er ei rekke forslag til risikoreduserande tiltak.

Planen skal vera leiinga i føretaka sitt faglege grunnlag for helsetenesteplanlegging, til dømes smittevern – og pasienttryggleiksarbeid og nybygg.

Smittevernarbeid handlar mykje om pasienttryggleik. Det finst eigne handlingsprogram for pasienttryggleik, både nasjonalt og regionalt, og smittevernarbeidet i føretaka må koordinerast opp mot desse.

Det er definert sju ulike risikoområde som er systematisert i følgjande punkt:

1. Auka smittepress i helsetenesta og i samfunnet
2. Medisinsk utstyr
3. Smittevernkompetanse
4. Sjukehusbygg
5. Mikrobiologisk diagnostikk
6. Etterleving av infeksjonskontrollprogram
7. Antibiotikabruk

Det er lista opp **Risikoreducerande tiltak** under kvart av risikoområda.

Hovudansvar for oppfølging av dei ulike risikoreducerande tiltaka er markert under kvart kulepunkt på følgjande måte:

Regionalt kompetansesenter for smittevern i Helse Vest – **RKS**

Regionalt helseføretak – **RHF**

Helseføretak – **HF**.

Konklusjon

Revidert smittevernplan vil i hovudsak vere ei vidareføring og styrking av noverande arbeid med smittevern basert på lov og forskrift, nasjonale faglege retningslinjer og rettleiarar. Nye utfordringar vil kunne krevje meir spesialisert kompetanse i smitteverneiningane og betre rutinar for å redusere risiko. Helseføretaka må vurdere eige behov for kompetanse og ved nybygg/ombygging vurdere behovet for smittereducerande tiltak, til dømes isolatkapasitet. Godt smittevern vil såleis ha ei utgiftsside men også vere eit viktig pasienttryggleikstiltak og vere ressursparande.

Vedlegg:

Revidert smittevernplan 2017-2021– Strategi for å førebyggje og handtere sjukehusinfeksjonar blir lagt til grunn for arbeidet med smittevern i helseføretaka.